

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016

Terje Søviknes (FrP) sette på vegner av Frp, H og Sp fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Fylkesutvalet presiserer at det er ferjeavløysingsmidlane i inntektssystemet som må leggjast til grunn for delfinansiering av Masfjordbrua, og ikkje reknestykket i sakutgreiinga basert på Hordaland fylkeskommune sine reelle kostnader til dagens ferjedrift med fråtrekk for auka drifts- og vedlikehaldskostnader med ny bru.

Ferjeavløysingsmidlane til sambandet vert 19 mill. kr (kriteriedata for tal ferjesamband) minus effekten av endra drifts- og vedlikehaldsbehov i utgiftsutjamninga, ref. omtale av ferjeavløysingsordninga for fylkesvegar i Kommuneøkonomiproposisjonen 2016. Dette nettobeløpet, dvs. det beløpet fylkeskommunen netto taper i inntektssystemet som følgje av bygging av brua, får fylkeskommunen behalda i 40 år gjennom eit særskilt tilskot (Tabell C-tilskot)."

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling på vegner av forslagsstillarane.

Vedtak

1. Fylkesutvalet går inn for at det vert sett i gang arbeid med eit teknisk/økonomisk forprosjekt for å avklare bruteknologi/brutype og kostnadsberekning for Masfjordsambandet.
2. Fylkesutvalet ber Statens vegvesen vurdere nærare å nytta konkurranseprega dialog (KPD) som anbudsform i prosjektet, slik dette er omtalt i brev datert 21.12.2015 frå Statens vegvesen til Hordaland fylkeskommune om anbudsform for Masfjordsambandet, punkt 5.2.2.
3. Fylkesutvalet vil kome attende til eventuell prioritering av Masfjordbrua så snart teknisk/økonomisk forprosjekt ligg føre.